

## Lupe

### Årsmelding for 2022 – LUPE Møre og Romsdal

Fylkeslaget har 95 enkeltmedlemmer. Av desse høyrer 64 til i Vanylven lokallag. Siste 3 åra har ein hatt felles årsmøte mellom fylkeslaget og lokallaget noko som ikkje lenger vert akseptert av overordna organ. Frå no av vert det difor eiga årsmelding og eige årsmøte for kvart av laga.

Aktiviteten i fylkeslaget må seiast å ha vore lav i 2022. Ein har prioritert arbeid i lokallaget.

Ein lyt ta ein kort repetisjon av kva styret har gjort for å få medlemmene med i lagsarbeidet.

Historisk hadde Lupe Møre og Romsdal starten sin i Vestnes der Hellandheimen låg. Mange pårørande knytt til Hellandheimen knytte seg til Lupe ved starten omkring 1992. Dette fekk til følge at mest alle årsmøta, likemannsamlingar m.m. blei haldne på Vestnes.

Vanylven hadde eit aktivt lag for funksjonshemma ved starten av LUPE's tilkomst. Etterkvart knytte dette laget seg til LUPE. Lokallaget har siste åra att omlag 2/3 av medlemsmassen i Møre og Romsdal.

Etter kvart vart dei pårørande eldre, parallelt med at kommunene gjennom reformen og tok over det som tidlegare var «limet» blant dei pårørande; nemleg omsorga for «barna».

Vanylven klarte overgangen gjennom eit aktivt styre der inneholdet tidlegare var samarbeid med kommunen, konstruktiv kritikk og god rekruttering med eit høgt aktivitetsnivå særleg på fritidsområdet.

Styret i Lupe såg tidleg at aktiviteten i Vestnes området dabba av, og har over mange år brukt svært mykje styre- og medlems resursar på å få aktivitet i Vestnesområdet. Dette gjennom eit utal med møter førebudde med personleg samtaler med medlemmer for å om mulig få til eit lokalt lag i Vestnesområdet. Trass i at vi eit par gonger har trudd at no har vi noko «på gong», har det rakna.

Grunnen til at ein har lagt vekt på Vestnes er at ein ser dette i samanheng med eit meir aktivt fylkeslag.

For tre år sidan såg vi ikkje anna råd enn å ha hovudfokuset på Vanylvslaget og ta att Vestnes seinare. Det er der dei fleste medlemmene i nordre luten bur.

Ein har no teke oppatt diskusjonen om kva ein skal gjere i forhold til nordre luten av fylket; Gjere nye framstøt i å få forsterka aktivitet i Vestnes området? Prøve i Ålesund eller Ørsta/Volda? Vere nøgd med dagens status? Eller anna? Det blir teke ei avgjerd om dette i det nye styret.

Ein må og diskutere rolla til Fylkeslaget frametter i styret.

#### **Styret:**

For tredje året har ein hatt same personar i styret både i fylkes og lokallaget.

Grunna slitasje og ønskje frå dei fleste i styret om avløyning, vart styret si funksjonstid for dei som skulle gå ut i 2022, forlenga med eitt år for konsolidering. Styret har hatt slik samansetning gjennom året:

Leiar	Kristin Otneim Aarsnes	På val i 2023
Kasserer	Brynjar Hatlegjerde	På val i 2023
Sekretær	Otto Drage	På val i 2023
Styremedlem	Wigdis Hellstrøm,	På val i 2023
Varamedlem	Sølvi Bruland	På val i 2023

#### **Valnemnd i eitt år:**

Otto Drage, Kristin Otneim Aarsnes og Wigdis Hellstrøm

#### **Revisor:**

Revisor har vore Hallvard Takset, vald for eitt år.

#### **Årsmøte: 23 april på arbeidssenteret på Fiskå.**

**Styremøte:** Ein har hatt 2 styremøte.

#### **Likepersonarbeid:**

Følgjande var deltakarar på den sentrale likepersonsamlinga på Olavsgård 10 – 12 juni 2022: Jan Svein Hammer, Anne Hammer, Wigdis Hellstrøm, Per Brekke, Dagny Brekke, Åse Brekke, Sølvi Bruland, Kristin Otneim Aarsnes, Geir Aarsnes, Runhild Otneim og Otto Drage.

Ein har hatt 7 likepersonsamlingar.

I tillegg har ein hatt likepersonsekvensar som overtyre og undervegs ved dei fleste samlingane. Likepersonarbeidet har fungert som før. Vi har registrert 12 aktive likepersonar. Likepersonomgrepet er ikkje så enkelt å definere kort. Det er heller ikkje enkelt å få til erfaringsutveksling på kommando. Vi har meint at det viktige i likepersonarbeidet er å skape møteplassar for pårørande og ein inkluderande, generøs og open stemning når vi møtes. Her har leiarane eit særleg ansvar for å skape dette. Då kan «nabopraten» og erfaringsutvekslinga blomstre.

#### **Medlemsmøte:**

Ein har hatt eit medlemsmøte 30 september, der halve innhaldet var likepersonsamling.

**Monsiaden:** Lupe er aktivt med i planlegging og gjennomføring av Monsiaden første onsdagen i juni.

#### **Representasjon:**

Delteke på FFO sin samling på Vestnes 22oktober. Otto Drage og Jan Svein Hammer deltok. Delteke og med stand på FFO Vestland si samling i Førde i november. Dei som deltok her var Jan Svein Hammer og Otto Drage.

#### **Tildelt støtte for 2022:**

Frå Helse Midt fekk vi tildelt kr 20 000,-.

Fra Bufetat/LUPE sentralt fekk vi tildelt kr 20 000,- i likepersonmidlar.

Frå LUPE sentralt fekk vi tildelt kr 20 000,- i velferdsmidlar.

I momsrefusjon har vi fått overført kr 7 120.

Frå LUPE sentralt fekk vi medlemstilskott med kr 8600 for 2022.

Tilskota krev omfattande søknadar og detaljert rapportering.d

Åheim 26.02.2022

Otto Drage  
skrivar  
For styret